

REFERAT STYREMØTE 2/25 SUNNMØRE FRILUFTSRÅD

Tid: Måndag 5. mai 2025 kl. 19.00-20.00

Stad: Digitalt møte (teams)

Oppmøte: 15 av 17 styremedlemmar møtte, derav tre vara:

Kommune	Styremedlemmar 2025
Fjord	Eva Hove - leiar
Ulstein	Berit Sandvik Skeide - nestleiar
Giske	Jan Ove Skodje
Hareid	Bernhard Harkjerr (vara for Brandal)
Herøy	Janne-Katrin Hansen Sævik (ny)
Sande	Sindre Slettestøl
Stranda	Thomas Roset (ny)
Sykkylven	Sveinung Vemøy
Vanylven	John Willy Klungre
Vestnes	Ragnhild Marie Tandstad (ny)
Volda	Annlaug Stokke
Ørsta	Bente Iren Flåvik Bjørndal
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen
Ålesund	Unni Kristin Wiik (vara for Grebstad)
Tilsettrepr.	Hilde Ellingsæter (vara for Nes)

Forfall utan vara: Nils Erik Bjørkavåg (Sula), Guttorm Andreas Kjerstad (Haram)

Andre til stades: Dagleg leiar Anne B. Emblem, vikonsulentene v/Ingvild Vartdal (i sak 9/25)

Saksliste:

Saksnr:	Tittel:
Sak 08/25	Godkjenning innkalling, saksliste og referat sist styremøte
Sak 09/25	Tilsetjing av dagleg leiar (UO)
Sak 10/24	Konstituering av midlertidig stedfortreder som dagleg leiar (UO)
Sak 11/25	Val av ny representant til arbeidsutvalet i tillegg til leiar og nestleiar
Sak 12/25	Godkjenning av revidert rekneskap 2024 (sett opp etter kommunal rekneskapsskikk)
Sak 13/25	Godkjenning av revidert Årsmelding 2024 (beretning)
Sak 14/25	Innkalling til ekstraordinært representantskapsmøte 5. juni 2025

Sak 8/25: Godkjenning innkalling, sakliste og referat styremøte

Innkalling og sakliste var sendt 24. april i outlook-kalenderen. Saksdokumenter var sendt ut 2. mai 2025. Referat frå styremøte 1/25 4. mars 2025 var sendt i digital lenke. Signert møtebok frå årets representantskapsmøte 2. april 2025 var også sendt i digital lenke. Møteboka, årsmelding og handlingsplan er sendt postmottak i alle deltakarkommunane, fylkeskommunen og FL i e-post 25. april 2025. Styreleiar ønska tre nyvalde styremedlemmar velkomne til styret: Janne-Katrin Hansen Sævik (Herøy), Thomas Roset (Stranda) og Ragnhild Marie Tandstad (Vestnes)

Vedtak:

Innkalling og sakliste for styremøte 5. mai 2025 vert godkjend.

Referat frå styremøte 4. mars 2025 vert godkjend.

Styret tek møteboka frå representantskapet 2. april 2025 til orientering.

Sak 9/25: Tilsetjing av dagleg leiar (UO)

Kort om saka:

Styret er ansvarleg for å tilsette dagleg leiar i Sunnmøre friluftsråd og fastsetje løn for vedkomande, jf. § 7 pkt. 1 i Samarbeidsavtala. I styremøte 1/25 (sak 6/25) godkjende styret utlysingsstekst og utlysing av stillinga. Vidare vedtok styret at AU skal fungere som tilsettingsråd og at tilsette vert involverte med tilsettrepresentant i rådet. Stillinga utlyst 6. mars med søknadsfrist 24. mars 2025. Søknadsportalen webcruiter vart nytta. Friluftsrådet mottok totalt 28 søknader. Rekrutteringsrådet leigde inn ekstern rekrutteringsstøtte frå 27. mars (til intervjuprosessen), dette var vikosulentene v/Ingvild Vartdal. Intervju av utvalde kandidatar vart gjennomført i veke 13, 14 og 17. I styremøtet 5. mai gjorde rekrutteringsrådet greie for rekrutteringsprosessen, vurdering av kandidatane opp mot utlysingskriteria, og la fram si innstilling til tilsetting for styret (UO).

Vedtak:

Styret gir Hans Edvard Pilskog tilbod om stilling som dagleg leiar for Sunnmøre friluftsråd.

**I etterkant av styremøtet takka Pilskog ja til stillinga, og tek til 1. september 2025.*

Sak 10/25 Konstituering av midlertidig stedfortreder som dagleg leiar (UO)

Kort om saka:

I mellomperiode frå noverande dagleg leiar fråtrer 9. juni til ny dagleg leiar tiltrer, må styret konstituere midlertidig stedfortreder. Dette må vere ein intern fast tilsett som i mellomperioden ivaretek det overordna administrative ansvaret for dagleg drift av friluftsrådet, økonomiansvaret og personalansvaret for dei tilsette. Rammene for stedfortrederteneste er omtalt i HTA § 13. Dei tilsette har drøfta saka i stabsmøte 5. mai.

Vedtak:

*Styret konstituerer Torgeir Lausund Sund som midlertidig dagleg leiar frå 10. juni fram til ny dagleg leiar tiltrer (*1. september 2025).*

Sak 11/25 Val av ny representant til arbeidsutvalet

Kort om saka:

Styret må velje ny representant til arbeidsutvalet (AU) i tillegg til leiar og nestleiar, jamfør samarbeidsavtalen § 7 nest siste avsnitt. Oppgåvene til AU er omtalt i § 7.

Vedtak:

Arbeidsutvalet (AU) for styreperioden 2025/26 er leiar Eva Hove (Fjord), nestleiar Berit Sandvik Skeide (Ulstein) og nytt AU-medlem Jan Ove Skodje (Giske).

Sak 12/25 Godkjenning av revidert Rekneskap 2024 (sett opp etter kommunal rekneskapsskikk)

Kort om saka:

Det vert vist til møtebok frå representantskapsmøte 2025 og vedtak i sak 4/25:
«Representantskapsmøtet godkjenner førebels rekneskapen for 2024. Når revisorgodkjenninga føreligg, vert representantskapet innkalla til nytt digitalt møte for endeleg godkjenning innan 2025.»

I tidlegare saker 22/24 og 31/24, er styret orienterte om at Sunnmøre friluftsråd (KO) må legge om regnskapsføringa etter kommunale prinsipp, jf. [Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning forkommuner og fylkeskommuner](#) (Kommunale oppgavefelleskap er omtalt i kap. 8. i forskrifta). Rekneskapsfører har no gjennomgått rekneskapsoppsettet saman med revisor, det nye rekneskapsoppsettet 2024 må godkjennast og signerast av styret før det vert oversendt representantskapet.

Vedlegg: Balansen 2024, Bevilgningsoversikt 2024, Budsjettavvik 2024, Driftsrekneskap 2024, Investeringsrekneskap 2025, Noter 2024

Vedtak:

Styret godkjenner revidert Rekneskap 2024 (6 vedlegg), under føresetnad om endeleg revisorgodkjenning. Rekneskapen vert oversendt representantskapet for endeleg godkjenning.

Sak 13/25 Godkjenning av revidert Årsmelding 2024 (beretning)

Kort om saka:

Representantskapet har godkjent Årsrapport 2024 i sak 3/2025. For at dokumentet skal fylle krava til [Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning](#) er det gjort tre oppdateringar: Heile rapporten har endra tittel frå årsrapport 2024 til årsmelding 2024 (årsmelding betyr et same som årsberetning). I samsvar med sak 12/25 er nokre tal og oppsummeringar oppdaterte i rekneskapstabellen side 54. I samsvar med krava til årsberetning i kommunelova § 14-7 (gjengitt under), er pkt. a til f svart ut side 55 i meldinga.

§ 14-7. Årsberetning

Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide en årsberetning for kommunens eller fylkeskommunens samlede virksomhet. Det skal også utarbeides en egen årsberetning for hvert kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.

Årsberetningene skal redegjøre for

- a. forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- b. vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
- c. virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
- d. tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
- e. den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
- f. hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter [likestillings- og diskrimineringsloven § 26](#).

Vedtak:

Styret godkjenner revidert Årsmelding 2024, under føresetnad om endeleg revisorgodkjenning. Årsmeldinga vert oversendt representantskapet for endeleg godkjenning.

Sak 14/25 Innkalling til ekstraordinært representantskapsmøte 5. juni 2025

Kort om saka:

Det er representantskapet som skal endeleg godkjenne oppdatert Rekneskap 2024 og Årsmelding 2024 (beretning), etter innstilling frå styret. Det må kallast inn til ekstraordinært representantskapsmøte jf. samarbeidsavtale § 6. Innkallingsfristen er tre veker.

Vedtak:

Styret ber dagleg leiar om å kalle inn til ekstraordinært representantskapsmøte digitalt 5. juni 2025.